

BERIT MARGRETHE VÅGE
HÅTUFTVEGEN 191
5919 FREKHAUG

Vår dato: 24.04.2023
Vår ref.: 2022/4232
Hovednr: 4631-330/3
Skontonr: S4631-1321

Vedtaksbrev

Samandrag: Alver kommune har løyvd inntil 720 000 kr i driftstilskot.
Arbeidsfristen for tiltaket er 15.02.2025. Tilskotet vert utbetalt når tiltaket er gjennomført.

Vi viser til søknad datert 16.01.2023. Du har søkt om tilskot til tiltak som går fram av tabellen nedanfor.

Heimel for vedtaket

Tilskot til drift med taubane, hest o.a. er heimla i § 7 i forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tilskotet har som føremål å auke verdiskapinga i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert take vare på og vidareutvikla.

Vurdering etter naturmangfoldlovens §§ 8-12

Det er ikkje registrert særskilte miljøverdiar på feltet. Føre-var tiltak nedfelt i Norsk PEFC skogstandard skal følgjast ved drift.

Kommunen sine vurderinger

Berit Margrethe Våge søkte 16.01.2023 om tilskot på 660 000 NOK til avverking ved bruk av tung taubane på GBNR 330/3 Hestdal. Drifta er estimert til å avverke om lag 3000 m³ på eit areal på totalt 102 daa. Arealet er ei lisiide i Hestdal, om lag 400 meter frå Hestdalsvatnet, som er ein sidearm til Storavatnet. Storavatnet er i dag drikkevasskjelde for heile Holsnøy og Flatøy og kan og brukast som kjelde for området Knarvik og Alversund dersom det vert behov for dette.

Feltet ligg innanfor nedslagsfeltet til Soravatnet. I området ligg det fleire elver/bekkefar som leder vatn ned til Storavatnet og ved mykje nedbør er det periodevis mykje vatn som renn igjennom området og ned i drikkevasskjelda. Alver kommune vurderer at plasseringa i forhold til drikkevasskjelda tilseier at det må takast særskilte omsyn for å redusere risiko for forureining. Med utgangspunkt i uttale frå avdeling samferdsel, veg- vatn og avlaup forvaltning har landbruksavdelinga sett ein rekke vilkår for å redusere risikoen for avrenning frå drifta og forureining av drikkevasskjelda. Kommunen kan likevel ikkje gje nokon garanti for at desse vilkåra er tilstrekkeleg til å hindre forureining. Det er skogeigar sitt ansvar at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Skogbrukslova §4. Det er følgeleg også skogeigar sitt ansvar ar drifta ikkje fører til forureining av kommunen sin drikkevasskjelde, jf drikkevannsforskriften §4: «Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbuddet omfatter alle aktiviteter, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevatnet blir forurenset. (;) I vanntilsigsområdene kan landbruksaktivitet foregå dersom det ikke forurenser drikkevatnet eller medfører brudd på beskyttelsestiltak etter § 12 eller restriksjoner etter § 26.»

Ut frå terrenget på staden vert taubanedrift vurdert som eit godt alternativ for avverking av dette feltet. Taubanedrift gjev mindre belastning på jordsmonn og redusert fare for erosjon samanlikna med tradisjonell hogst.

Tilskot til drift i vanskeleg terregn skal berre gjevest når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir tatt omsyn til skogen sine funksjonar med omsyn til biologisk mangfold, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevest der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I områder der det ikkje er gjort ordinære miljøregistreringar, skal det settast krav om gjennomføring av dei føre-var-tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder/ Norsk PEFC skogstandard, jf. NMSK-forskrifta §7.

Andre avgrensingar

-Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevest tilskot:

- dersom skogdrifta kan motvirke utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturlig avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre formål enn landbruksproduksjon.

Relevante databasar som kilden.nibio og naturbase har vorte sjekka for MIS registreringar og andre registreringar av raudlista artar, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv etc., men det er ingenting registrert på eigendommen.

Ettersom det ikkje er utført MIS registrering vert det sett som eit vilkår for å motta tilskot at føre-var tiltak frå Norsk PEFC skogstandard skal følgjast, Jf NMSK-forskrifta §7.

Tiltakshavar har sendt inn oppdaterte data frå skogbruksplan (fototakst), som syner at bestandet ligg på ein G26 bonitet og at alderen er anslått til 60 år. Tiltakshavar har også sendt inn dokumentasjon i form av boreprøver som syner ein alder på 61-69 år. Dette tilseier at alderskravet er oppfylt. Det vert likevel sett som vilkår at skogeigar og entreprenør sørger for at alderskravet er oppfylt ved avverking.

Det er søkt om tilskot på 220 kr/ m³. Etter tilråding frå Statsforvaltaren i Vestland har Alver kommune auka satsen til 240 kr/ m³.

Oversikt over felta som inngår, detaljar for berekning av tilskot knytt til det enkelte felt:

Felt	Tal	Areal	Driftskostnad	Status
Hestdal	3 000	102	1 593 450	Godkjent med vilkår

Vilkår: - Arbeidet skal før oppstart varslast til Alver kommune med oppstartsdata. - Arbeidet må utførast i periodar med tørt vær for å redusere risiko for avrenning til Storavatn. - Det må utarbeidast ein plan for tiltak for å hindre avrenning av jord og lausmasser samt diesel og olje til bekker/elver som fører til Storavatnet. Det må vurderast å leggja ut lenser ved utløp av elv til Storavatnet som eit forebyggande tiltak. - Etter endt hogst må terrenget settast i stand, slik at ein i størst mogleg grad hindrer avrenning mot bekker og elver. - Kvist og anna hogstavfall skal handterast på ein måte som minimerer risiko for forureining. Når hogsten er fullført skal det ikkje ligge att hogstavfall på dyrka mark eller over grøfter eller bekker. - Eventuelle anleggsvegar må leggast på stokkar med god klaring til elvar og bekkefar og plasserast slik at det ikkje vert mykje jord som vert kjørt laus. - Føre-var tiltak jf Norsk PEFC skogstandard skal følgast ved drift. - Skogeigar skal sørge for at alderskravet er oppfylt

Berekning av tilskot:

Totalt godkjend tal (volum):	3 000
Tilskotssats kr/m ³ :	240
Løyvd tilskot:	720 000

Tilskot som ikkje vert nytta innan arbeidsfristen som er 15.02.2025 vert inndratt. Utbetalte tilskot kan heilt eller delvis krevjast attendebetalt dersom forutsetningane for tilskotet heilt eller delvis fell bort.

Tilskotet vert utbetalte når tiltaket er gjennomført. Krav om utbetaling sendast til kommunen saman med fakturakopi for registrerte kostnadar.

Klage

Du kan klage på dette vedtaket til STATSFORVALTAREN I VESTLAND, jf. reglane i forvaltningsloven kap. 6. Klagen skal sendast til Alver kommune, som sender saka vidare til STATSFORVALTAREN I VESTLAND om vi ikkje gjer om på vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven § 18 og § 19.

Med helsing
Alver kommune

Sakshandsamar: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.